

Informasjon om Merking av laksefisk i Lærdalselvi

Gjenfangststudie 2015 og 2016

I 2015 og 2016 vart det gjennomført ein studie for å evaluere bidraget av gjenutsett fisk i gytebestanden, samt å estimere gjenfangst av gjenutsett fisk for å belyse fiskevelferdsmessige aspekt ved slik praksis i Lærdalselvi. Dette vart gjort ved å merke laks og sjøaure fanga under ordinært sportsfiske med eksterne spagettimerke før dei vart gjenutsette i elva. Det vart totalt merka 348 laks og 11 sjøaure. Resultata syner at:

- **Laks i Lærdalselvi som bit på fluge ein gong, tek svært sjeldan ein gong til (under 5%)**
- **Gjenutsetting av laks har vore avgjerande for at gytebestandsmålet vart oppnådd i 2015 og 2016**
- **Eit retta fiske er eit viktig forvaltningstiltak i Lærdalselvi**

Det er med andre ord **fyrste sportsfiskar** som får laksen på kroken som bestemmer lagnaden til desse laksane, då vi veit at dei sjeldan blir fanga på nytt og at dei ved rett handtering overlever fram til gyting. Ein stor del (70-80%) av gytefisken overvintrar og vandrar ut neste vår. Dei som overlev i sjøen, kjem attende som stor laks etter eitt eller to nye år i havet. Detaljert rapport om dette kan finnast på heimesida til elveeigarlaget.

Det er stor sjanse for at ein kan få gjenfangst av både laks og aure med spagettimerke både i 2017 og 2018. Lengde og merkenummer må då rapporterast inn i Scanatura. Om merka laks vert avliva, skal det takast skjelpreve som skal leverast inn saman med utfyllande informasjon om fisken.



Spagettimerke ved ryggfinne (merk at fargen kan variere).

Kontaktinfo:

Prosjektleiar Henning Andre Urke, e-post: henning.urke@inaq.no, mobiltelefon: 958 18 488, Adresse: INAQ AS, Postboks 1223, Torgard, 7462 Trondheim

Vandringsmønster laks og sjøaure

Fleire tidlegare og pågåande prosjekt kartlegg vandringsane til sjøaure og laks i Sognefjorden og kystnære strøk. Sidan 2012 er det merka sjøaurar i Lærdalselvi, Aurlandselva, Mørkridselva, Fortun- og Årdalsvassdraget. I Lærdalselvi er det i perioden 2013 - 2017 og merka laksesmolt og vinterstøingar av laks.

Sams for alle desse fiskane er at dei har eit akustisk merke implantert inn i bukholo. Det einaste synlege kjenneteiknet på dette er eit lite arr under buken.



*Akustisk merke sjøaure med sting i buken (blå tråd).
Merk at sting/arr kan vere vanskelege å få auge på.*

Om ein får fisk som har eit slikt kjenneteikn:

- Vi oppmodar sterkt om at desse vert sett varsamt ut att i elv/sjø. Informasjon om fangst sendast til kontaktperson oppgjeve nedst på sida.
- Om ein tar livet av fisk som viser seg å vere merka, er det særskild viktig nummeret som står på merket som ligg i bukholo blir rapportert inn. Registrering av lengde, vekt, fangststad og -tidspunkt samt skjelpreve og retur av sjølve merket er då ynskjeleg.



*Akustisk merke (lengde 18-26 mm) med unikt nummer.
Her er informasjon som står på merket (1144.542)
viktig å rapportere inn.*

Det er plassert ut lyttebøyer i elv, fjord og kystnære strøk for å registrere når akustisk merka fisk passerar. Desse er fastmonterte på stativ og festa med stålwire til land. Det er særst viktig at desse ikkje vert flytta på og at dei får stå under vatn.


Fleirgongsgytarar av laks

Eldre data frå Lærdalselvi viser at ein svært stor del (om lag 80%) av laksen overlever gyteperioden og overvintrar i elva fram til neste vår. Dette er stadfesta gjennom visuelle teljingar av gytefisk både haust og vår (mars/april) over mange år. Mange år vart fisk fanga inn og merkt på våren for å studere vandringsmønsteret i sjøen basert på gjenfangstar. Gjenfangstar i sjø viste stor vektauke etter 1-2 år i sjøen (Rosseland 1965). Våren 2013, 2015, 2016 og 2017 vart det på bakgrunn av resultatane frå dei eldre studiane igangsett nye studiar der ein nytta akustisk telemetri for å følgje fisken si vandring i fjordsystemet. 25-40 vinterstøingar av laks er fanga og merkt årleg desse åra.

Utvandring av laksesmolt frå Lærdalselvi 2013 og 2014

Utvandringstidspunkt og opphaldstid i miljø med infektive lakseluslarvar vil gi viktig informasjon i høve risikovurderingar knytt til oppdrettsnæringa sin påverknad på Lærdalslaksen. Tiltak mot lakselus må tilpassast slik at ein kan halde nivået av infektive luselarvar på eit lågast mogleg nivå i perioden smolten frå eit av våre viktigaste laksevassdrag passerer området.

I perioden mellom 7. og 21. mai 2013 hadde vel 90 % av laksesmolten vandra ut frå Lærdalselvi, fordelt over to markerte tidspunkt. Klekkeriprodusert laksesmolt hadde likt utvandringsmønster som vill laksesmolt i elva, og begge hadde ei kort opphaldstid i elvemunningen. Smolten hadde kort opphaldstid i ytre del av Sognefjorden og mesteparten av laksesmolten vart registrert i ytre del frå 17. mai til 10. juni.



Utvandringstidspunkt for akustisk merka laksesmolt (vill- og klekkeriprodusert) sesongen 2014. Vassføring (heil linje) og temperatur (prikkelinje) er registrert ved Rikeheim, Båthølen ved Lysne.

I 2014 kom ikkje vassføringsauken før rundt 17. mai, og då vandra mesteparten av smolten ut i eit stort og raskt «smolttog». Dette toget passerte ytre del av Sognefjorden 25 - 29. mai 2014. Resultatane indikerer at det infektive lusepresset bør halde eit lågt nivå i Sognefjorden frå seinast 10. mai og utover for at laksesmolten frå Lærdalselvi skal vandre gjennom fjordsystemet med låg risiko for påslag av lakselus. Både i 2013 og 2014 var ei auke i vassføring den utløyssande faktoren for utvandring.

Det er vidare ynskjeleg med innsamling av skjelprøver av all laks og sjøaure som vert avliva under sportsfisket. Ved Ljøsne klekkeri er det sett opp ei postkasse med skjelprøvekonvoluttar.

Prosjekta er eit samarbeid mellom Lærdal Elveeigarlag, Regionalt Forskingsfond Vestlandet, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Østfold Energi AS, E-CO AS, Sulefisk AS, Osland Havbruk AS, Marine Harvest Norway AS, Hauglandgruppen AS, SalmonGroup Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, NMBU, NINA, NTNU, Vestlandforskning, INAQ m fl.

Kontaktinfo:

Prosjektleiar Henning Andre Urke, e-post: henning.urke@inaq.no, mobiltelefon: 958 18 488, Adresse: INAQ AS, Postboks 1223, Torgard, 7462 Trondheim